

Foretaksnavn SOGNDAL KOMMUNE

Kontaktperson

Navn: Torkjel Solbraa

Flere søkere: Luster

Utfyller

Navn: Torkjel Solbraa

Mottaker: Miljødirektoratet

Kopimottaker: Statsforvalteren i Vestland

SØKNAD

REFERANSENØR.: 21S58E27

Strategisk plan bustad, arbeid, klima og transport

Hva slags type tiltak søker dere om? Klimavennlig areal- og transportplanlegging

Om tiltaket

I hvilket fylke skal tiltaket gjennomføres? Vestland

Nærmere beskrivelse

Beskriv tiltaket med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Sogndal kommune og Luster kommune ønskjer å utarbeide ein felles strategisk plan for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT). Me søker difor om tilskot frå Klimasats for å finansiere arbeidet.

BAKT skal fastsette mål, strategiar og prioriteringar for korleis kommunane saman og kvar for seg kan stimulere til vekst i folketal og arbeidsplassar gjennom klimavenleg planlegging og utvikling.

Sogndal kommune og Luster kommune utgjer ein felles bu- og arbeidsregion på nordsida av Sognefjorden. Kommunane har åtte tettstader og åtte bygder med ulik bustad- og næringssamansetning. Lokalsamfunna har arealutfordringar knytt til ulikt press i bustad- og arbeidsmarknaden og lite heilskapleg tettstadutvikling, og transportutfordringar knytt til mikromobilitet, gjennomgangstrafikk og pendling til kompetansearbeidsplassar i tettstadene.

Begge kommunane har ambisjonar om å integrere klimaarbeidet på ein betre måte i forvaltnings- og utviklingsarbeidet i kommunen. BAKT blir eit viktig verkemiddel for å få til dette sidan planen skal:

- a) synleggjere korleis kommunane kan redusere klimagassutsleppa gjennom god planlegging og utvikling av busetnad, arbeidsplassar og samferdsle
- b) utvikle nye strategiar kring attraktive tettstader, distriktsinnovasjonar, mobilitet og digitalisering som

skapar omstilling til eit lågutsleppssamfunn.

Hva er forventet klimagassreducerende effekt av tiltaket?

Det er ikkje mogleg å rekne seg fram til dette per no, men nokre faktorar peiker mot at BAKT kan gi gode klimagassreducerande effektar på lang sikt. Eit grovt estimat basert på Statens Vegvesen sine teljingar tyder på at pendling står for minst fem prosent (6 mill. km) av all bilkøyninga til innbyggjarane. Berre fire prosent av bilane i kommunane er el-bilar. Me veit også at kollektivtilbodet er relativt lite brukt og for dårleg i følgje mange brukargrupper. I tettstadene er det behov for å tenkje nytt kring utbyggingsmønster, fortetting, storleik og klimavenlege bygg for å auke attraktiviteten til tettstadene. Alle desse faktorane, og fleire til, indikerer at eit samarbeid om strategiar for bustad, arbeid, klima og transport vil ha ein langsiktig klimareducerande effekt i Luster og Sogndal.

Hvordan strekker arbeidet seg utover det en kan forvente av ordinær, god arealplanlegging?

BAKT er eit interkommunalt planarbeid som går utover ordinær, god arealplanlegging. BAKT vert eit verkemiddel for å sikre at måla i samfunnsplanane om reduksjon av klimautslepp og omstilling til lågutsleppssamfunn vert følgt opp i arealplanar, områdeplanar og reguleringsplanar. Me meiner den beste måten å sikre dette på er ein strategisk plan som ser heile bu- og arbeidsregionen under eitt og som påverkar korleis me driv den ordinære, gode arealplanlegginga. Me vil miste heilskapen dersom me skal vurdere samanhengen mellom bustad, arbeid, klima og transport i sak for sak.

Hvordan kan tiltaket bidra til en varig kvalitets- eller kompetanseheving i kommunen med tanke på klimavennlig areal- og transportplanlegging?

BAKT vil løyse ut midlar til ein fagressurs/prosjektleder. Det er eit mål at dette blir ei fast stilling på sikt. Prosjektledaren skal leie ein arbeidsgruppe med fagpersonar frå einingane for plan- og byggjesak og nærings- og samfunnsutvikling i dei to kommunane. Ei ekspertgruppe frå Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning skal bidra med ny kunnskap på fagfeltet, og utfordre og kvalitetssikre arbeidet. Arbeidsmåten gjer at me får auka klimakompetanse i fleire einingar i kommunane. Det heilskapelege fokuset gjer planen relevant for alt plan- og utviklingsarbeid som kjem i ettertid, og vil auke kvaliteten på handsaminga av plansaker og utviklingssaker.

Hvilke registreringer eller tellinger kan gjennomføres for å fange opp effekten av tiltaket?

Talfestinga må gjerast over tid, etter kvart som BAKT vert integrert i planlegginga og utviklinga av kommunane. For å beskrive no-situasjonen vil me mellom anna basere oss på tilgjengelege registreringar og teljingar som på sikt også kan syne effektar av strategiane i BAKT:

Fordeling av busetnader og avstand til viktige funksjonar

Andelen gåande og syklande

Tilflytting og tilflyttingsmønster i kommunen

Bustadtypar

Utslepp knytt til bygging av bustader

Utslepp frå kommunen si eiga verksemd

Utslepp frå pendling i kommunen

Utslepp frå pendling inn og ut av kommunen

Det er også naturleg å ta i bruk klimarekneskap og klimabudsjett for å vurdere dei langsiktige effektane av BAKT.

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Kommunane har ikkje frigjorte klimafaglege ressursar til å gjennomføre ein BAKT per i dag. Stønaden frå Klimasats vil bli brukt til å a) finansiere ei prosjektstilling som skal leie arbeidet med BAKT i begge kommunane og b) frigjere fagpersonar som skal jobbe med BAKT i arbeidsgruppa. Arbeidsbelastninga på

kommuneadministrasjonane er såpass stor at det ikkje er kapasitet til å gjennomføre ein fagleg god BAKT utan midlar i frå Klimasats.

Gjennomføring

Varighet: 15.05.2021 - 15.06.2022

Gjennomføringsplan:

Kva skal gjerast?

BAKT vert delt inn i fire faser. Dei fire fasane er nærare omtalt under.

Fase 1 - Bakgrunn:

Planen skal greie ut no-situasjonen for busetnad, arbeid og transport, og korleis dette påverkar klimautsleppa i kommunane. Planen skal sannsynleggjere samanhengar mellom desse og konsekvensane dette har fått for klimautsleppa i kommunen. Bakgrunnsdelen skal peike ut nokre hovudutfordringar som planen må løyse.

Fase 2 - Framtidsscenario:

I denne fasen vert det identifisert nokre nøkkelfaktorar som med stort sannsyn vil påverke korleis kommunane ser ut om 30 år. Med utgangspunkt i hovudutfordringane og nøkkelfaktorar for framtidig utvikling vil me beskrive eitt eller fleire framtidsscenario for korleis busetnad, arbeid og transport i kommunane må sjå ut i 2050 dersom me skal nå målet om nullutslepp.

Fase 3 - Mål:

Basert på vedtekne samfunnsplanar, identifiserte hovudutfordringar og sannsynlege framtidsscenario skal det settast nokre klimagassreducerande mål for planlegginga og utviklinga av bustader, arbeidsplassar og samferdsle i kommunane. Måla skal seie noko om kvar me må ende opp for å bli eit nullutsleppssamfunn.

Fase 4 - Strategiar og prioriteringar:

Strategiane beskriv korleis me ønskjer å nå måla. Kvar strategi skal byggjast opp på same måte som strategiar for banebrytande innovasjonar, utvikla av forskarar ved NHH:

- 1) Kva kommunen ønskjer å oppnå med strategien
- 2) Kva innbyggjarar/brukarinteresser strategien rettar seg mot, kva kommunane skal levere og kvifor innbyggjarane/brukarinteressene vil bli med på strategien
- 3) Kva me må gjere betre enn andre kommunar for å få nógde innbyggjarar/brukarinteresser
- 4) Kva ressursar/prioriteringar som skal gjere oss i stand til å planlegge og utvikle for nullutslepp knytt til busetnad, arbeid og transport?

Framdrift:

Prosjektleiari har ansvaret for framdrifta til planen. Prosjektleiari får i heile prosjektperioden støtte frå fagpersonar i arbeidsgruppa innan tema som er knytt til deira fagfelt. Milepålar i planen er ferdigstilling av ulike kapittel og politisk handsaming av planprogram og endeleg plan. Mellom oppstart til vedteken plan er det estimert 5 møter med ekspertpanelet frå HVL og Vestlandsforskning.

August 2021: Vedteken planprogram for BAKT

November 2021: Bakgrunnskapittel ferdig

Februar 2022: Framtidsscenario ferdig

Mars 2022: Mål ferdig

Mai 2022: Strategiar ferdig

Juni 2022: Plan vedteken

Organisering:

Planprogrammet vert forankra politisk i begge kommunane. Fram til endeleg plan vert vedteken følger planarbeidet vanleg prosjektorganisering, med ei styringsgruppe, prosjektleiar, arbeidsgruppe og ekspertgruppe.

Politiske vedtaksorgan: Kommunestyra i Sogndal og Luster kommune.

Styringsgruppe: Rådmenn og kommunalsjefar for plan i Sogndal og Luster kommune.

Prosjektleiar: Fagperson med ansvar for gjennomføring i begge kommunane.

Arbeidsgruppe: Fagpersonar frå administrasjonen i begge kommunane.

Ekspertgruppe: Fagekspertar på klimautslepp og berekraftig tettstadutvikling frå Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning.

Hvordan er tiltaket politisk forankret?

I Sogndal kommune er BAKT forankra i samfunnsplanen som vert vedteken våren 2021. Søknaden til Klimasats vart forankra hjå Komité for samfunnsutvikling i Sogndal kommune 9. februar 2021.

I Luster kommune er det fleire politisk vedtak/vedtekne styringsdokument som forankrar BAKT, mellom anna:

- I behandling av kommunal planstrategi vedtok kommunestyret at alle underliggjande planar skal gje tydelege føringar for klimakutt.
- I klimabudsjett som blei innarbeidd i økonomiplan 2021 blei identifisering av verknadsfulle tiltak, interkommunalt samarbeid og samarbeid på tvers av sektorar påpeikt som viktige steg for vidare overordna klimaarbeid.
- Planprogram med klima som hovudsatsingsområde er ute på høyring no.

Hvor integrert er klimagassreduksjon i kommunens arbeid i dag? Delvis integrert

Vil tiltaket bidra til at klimagassreduksjon blir mer integrert i kommunens arbeid? Hvordan?

Ja. Heile formålet med BAKT er at kommunane driv langsiktig planlegging og utvikling som tek høgde for klimagassreduksjon og stimulerer til klimaomstilling. Dette vil bli innlemma i arealforvaltninga, i nærings- og samfunnsutviklinga, i korleis kommunen jobbar med samferdsel og korleis kommunen utformar sine innbyggjartenester. BAKT vil også gi politikarane moglegheit til å føre ein politikk der klimautslepp og klimaomstilling blir meir vektlagt og brukt som ein moglegheit for samfunnsutvikling.

Omstillingseffekt

Hvilke aktører skal være vesentlig involvert i prosjektet?

Regionalt: Prosjektet involverer også eksterne regionale aktører, for eksempel fylkeskommune, regionale næringsorganisasjoner, regionale foreninger og andre kommuner, i tillegg til kommunen selv og ofte kommunesamfunnet.

Kommentar til dette?

Ikke utfylt

Hvordan kan tiltaket bidra til omstilling til lavutslippssamfunnet?

BAKT skal legge til rette for ein kunnskapsbasert omstilling til klimavenleg samfunnsplanlegging og -utvikling i kommunane. Dette kan innebære at kommunane tenkjer nytt om utbyggingsmønster og utforming av busetnad, lokalisering og digitalisering av arbeidsplassar, tilrettelegging for energikrevjande næring,

klimavenlege transportløyisingar, mobilitetsmønster for innbyggjarar og tilreisande, berekraftig folkehelse og/eller bruk av arealressursar. BAKT blir ein sentral plan for å møte klimautfordringane i kommunane med løyisingar som gjer dei til meir attraktive kommunar for innbyggjarar og næringsliv.

Budsjett

Kostnader	Beløp
Prosjektlear BAKT	540 000
Arbeidsgruppa BAKT	120 000
Ekspertpanel	100 000
Sum kostnader	760 000

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	760 000
- Egne midler	410 000
- Andre offentlige midler / annen finansiering	0
Omsøkt tilskudd	350 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

På hvilken måte?

Me kan la vere å bruke ekspertpanel. Me kan gjere kapittelet om framtidsscenario mindre, eller ta det heilt bort.

Minste tilskuddssum for gjennomføring: 250 000

Eventuelle merknader:

Ikke utfylt

Utdyping finansiering

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

Ingen vedlegg

Levert 15.02.2021